

## **Føresegner til kommunedelplan for kulturminne i Sveio 2015-2027**

### **§ 1 Generelle føresegner (pbl § 11-6 nr 6 og 7)**

1.1 Omsynssonene skal leggast til grunn ved utarbeiding av reguleringsplan, anten som vidareføring eller innarbeiding i anna arealføremål som ivaretak føremålet med omsynssona.

1.2 Byggverk, kulturlandskap og kulturmiljø skal sjåast i samanheng med sin historiske kontekst, utviklingstrekk og sine omgjevnadar.

1.3 Hovudprinsipp for vedlikehald av bygningar er å ta vare på dei opphavlege eller gamle bygningselementa og detaljane, og å skifte ut så lite som mogleg. Nybygg, tilbygg, påbygg, fasadeendringar og andre mindre tiltak skal godkjennast om tiltaket ikkje negativt råkar staden sitt sær preg.

1.4 Moderne materialbruk og stiluttrykk må skje i godt samspel med kulturmiljøet sine kvalitetar.

1.5 I særleg eksponerte område, som mot ferdsliveg eller i større tunskipnad, skal det takast særleg omsyn til samspelet mellom bygningar og omgjevnadar, kulturmiljø og lokal byggjeskikk.

1.6 Graving, fylling eller planering som øydelegg steingardar, rydningsrøyser, bakkemurar, steinsette bekkefar og liknande landskapselement er ikkje tillete.

### **§ 2 Retningsliner for kulturlandskap og kulturmiljø i sone A (pbl § 11-8 c)**

2.1 Saker som gjeld vesentleg endring av fasade eller bygning skal sendast regional kulturminnestyresmakt til uttale. Uttalen skal tilleggast vekt i den vidare handsaminga, og normalt takast til følgje, så lenge ikkje lokale samfunnsinteresser kan verte råka.

2.2 Eksisterande bygningar og byggverk vert ikkje tillete rivne. Ved brannskade og naturskade kan erstatningsbygg førast opp att.

2.3 Tilbygg må underordne seg eksisterande bygning med omsyn til utforming og storleik.

2.4 Ved bruk av moderne materialbruk og stiluttrykk bør tiltaket tilnærme seg tradisjonelle hovudformer.

2.5 Opphavlege bygningsdelar skal i størst mogleg grad brukast om att ved ombygging, renovering og vedlikehald.

2.6 Gjenreising av bygningar på gamle murar/ruinar skal normalt godkjennast anten ved bruk av tradisjonell byggjeskikk, eller som eit moderne innslag som fremjar kulturmiljøet sitt sær preg. Kommunen kan i særlege tilfeller, av omsyn til kulturlandskap eller kulturmiljø, likevel nekte slik gjenreising.

### **§ 3 Retningsliner for kulturlandskap og kulturmiljø i sone B (pbl § 11-8 c)**

3.1 Eksisterande bygningar kan utbetrast, moderniserast, tilbyggast og påbyggast. Tilbygg, påbygg og fasademessige endringar må ikkje vesentleg bryte med hovudbygningen eller kulturmiljøet.

3.2 Gjenreising av bygningar på gamle murar/ruinar skal godkjennast anten ved bruk av tradisjonell byggjeskikk eller moderne stiluttrykk.